

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 20.04.15

Vår ref. 443/15/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref. 15/581-15/5944

Meland kommune
v/Plan, utbygging og kommunalteknikk
Postboks 79
5906 Frekhaug

E-mail

MELAND, MIDTMARKA OG ROTEMYR, OPPSTARSMELDING.

Viser til Dykkar brev av 25.03.15, med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Nordhordland Fiskarlag.

Generelle merknader

Generelt vil ein bemerke at område som blir nytta til fiskeri blir pressa frå mange ulike hald t.d.

- oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfør/feces),
- vindmøller til sjøs,
- reguleringssplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebryggjer, ankringsområde, m.m.),
- ankring/verksemd i sjø
- avlaups-/vassleidningar i sjø,
- kablar i sjø
- fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein peike på at fiskarar får klage frå hytteeigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så tar ein bit for bit frå fiskeriinteressene.

I tillegg har ein m.a. reguleringar i fisket å halde seg etter.

Fiskarane skal tross alt leve av fisken dei får opp av sjøen, og det er derfor viktig av fiskeri-/gyteområda o.l. blir ivaretatt.



Områdeplan Midtmarka og Rotemyr

Først og fremst vil ein stille spørsmål ved om det er naudsynt med eit nytt bustadområde med butikksenter mellom dei allereie etablerte sentra Frekhaug og Knarvik.

I høve ivaretaking av fiskeriinteressene er det sjølv sagt ikkje positivt med ei slik utbygging som omsøkt.

I høve Fiskerdirektoratet sin kartdatabase er det registrert tre kaste- og låssettingsplassar (Søra Eidavika (i nord), Skitnedalsvika og Marusviki (sørvest)), gyteområde og område for passiv reiskap i reguleringsområdet, jf. vedlagde kart.

Kaste-/låssettingsplassane i Søra Eidavika og Marusviki er tatt inn i plankartet i 2. gongs høyringa av kommuneplanen, medan området ved Skitnedalsvika er føreslege som småbåthamn.

Fiskarlaget Vest finn å kunne «gje slepp på» kaste- og låssettingsplassen ved Skitnedalsvika under føresetnad av at dei andre, inkludert den i i nordaustre del av planområdet, blir med i planen, og følgjande blir fulgt opp.

Det må opplyst om gyteområdet og området som blir nytta til passiv reiskap samt kaste-/låsplassen i Marusviki i det vidare planarbeidet, sjølv om det ligg utanfor sjølve reguleringsområdet.

Det må takast omsyn til desse fiskeområda i det vidare planarbeidet både i høve til bruk og slik at ein unngår forureining til området.

Ein må òg informere om at fiskeområda kan bli brukt om natta, slik at dei som buset seg i området er klar over det, og ikkje kjem med klage på støy/bruk av lys.

SM 4 må ikkje hindre tilkomsten til kaste- og låsplassen der, og ein viser til § 27 i Havressurslova når det gjeld fiske og ferdsel ved steng. Det må òg med i føresegne.

Av kartet med søknaden er det ikkje teikna inn korleis ein har tenkt småbåthamna.

Eventuelle fortøyinger til småbåtanlegget må avgrensast mest mogeleg, og ein må òg hindre forureining frå småbåthamnområdet (leggje til rette for oppsaming av farleg avfall m.m.).

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebø

Britt Sæle Instebø

Kopi; Nordhordland Fiskarlag
Fylkesmannen i Hordaland
Fiskerdirektoratet region vest




Med helsing

Alexander Helle
plankonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Meland, Flatøy



Målestokk: 1:13 347

Kommuneplanforslag

